

-----Opprinnelig melding-----

Fra: postmottak@kud.dep.no [mailto:postmottak@kud.dep.no]

Sendt: 29. august 2014 22:18

Til: Postmottak KUD

Emne: Kontaktskjema

Tema: Høyrings svar om endring av lov om stadnamn

Avsende\_navn: Nord-Aurdal Mållag v/Aud Søyland

Epost: aud.soyland@bbnett.no

Telefon: 99037584

Virksomhet: Målarbeid

Postadresse: Sylvsmedv. 44

2920 Leira i Valdres

Melding: Høyrings svar om endring av lov om stadnamn 16. april 2012 la Kulturdepartementet fram eit endringsframlegg til lov om stadnamn, som ei oppfølging av stortingsdokument nr. 8:58 (2007-2008). 3. juni 2014 vart saka send på ny høyring, og det er i samband med det me uttalar oss.

Styret i Nord-Aurdal Mållag, samla til møte 19.8.2014, meiner det er bra at skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk, fordi dei er stadnamn og kulturminne med interesse for alle. Derimot meiner me det er svært uheldig at eigar eller festar av bruk skal ha «det avgjerande ordet» i saker som gjeld bruksnamn (framlegg til endring i § 6).

Det er rettnok teke atterhald i § 8: Bruksnamnet kan få ein annan skrivemåte enn gardsnamnet dersom eigar eller festar «kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn».

Kravet om at eigar eller festar skal kunna vera med og fastsetja gards- og bruksnamn, har kome fordi mange ikkje ser skilnaden mellom slektsnamn og gardsnamn/bruksnamn. Slektsnamn med opphav i gards- eller bruksnamn blir ofte skrivne slik dei vart nedteikna til dansk av prestar og futar på 1500-1800-talet, medan stadnamnlova har sørgt for at stadnamn følgjer lokal uttale og dagens skrivereglar.

Me ser fleire uheldige konsekvensar av dette lovframlegget:

- Det verkar forvirrande og rotete med mange ulike skrivemåtar av bruksnamn med opphav i same gardsnamn, t.d. Vik, Wiik, Vig, Vigh osv.
- Forvanska skrivemåtar som ikkje støttar opp om lokal uttale av eit stadnamn, kan fort føre til at uttalen endrar seg, og stadnamnet som kulturminne blir borte.
- I mange tilfelle kan det vera vanskeleg å skilja mellom gard og bruk.
- Det kan vera tvil om kva som skal godtakast som «offentleg bruk» av eit namn, og som kan danne grunnlag for å endre skrivemåten av namnet på bruket (jf. endringsframlegget til § 8).
- Det at brukaren skal avgjera namnet på bruket, kan føre til at eit bruk får endra skrivemåte frå ein generasjon til neste.
- Når namn på bruk kan ha ein annan skrivemåte enn namnet på garden dei spring ut frå, kan det føre til at uttrykkingskøyretøy får problem med å finne fram, fordi det oppstår forvirring rundt skrivemåten av namnet.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Nord-Aurdal Mållag meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår.

Noreg har ratifisert UNESCOs konvensjon av 17.10.2003 om vern av den immaterielle kulturarven, og me har på den måten forplikta oss til å ta vare på slike kulturminne som stadnamn er. Me ber derfor Stortinget om ikkje å gjera endringar i stadnamnlova, men halde på namnefastsetjinga slik ho er i dag.